

MØTEBOK
REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 28.1.2022
Stad: Nesbyen

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tore Haraldset, Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud, Flå kommune
Pål Rørby, Hemsedal kommune

Desse møtte frå kommunedirektørutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Karsten Dideriksen, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Henrik Skovly, Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Jan Olav Helling, dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Heidi Westbye Nyhus, Fylkesråd for utdanning og kompetanse
Iselin Stavn Haugo, pol.
Magnus Weggesrud, pol.
Lasse Narjord Thue, adm.

Forfall

Stephan Gundersen, Hemsedal kommune

SAK 01/22 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 17.12.2022**Vedtak:**

Protokollen frå møte Regionrådsmøte 17. desember 2021 er godkjent.

SAK 02/22 REGIONALT FRILUFTSRÅD. PRESENTASJON AV RAPPORT.

Folkehelsekoordinator Magnhild Medgard Skår og Morten Dåsnes, dagleg leiar for friluftsrådene landsforbund presenterte ein rapport som tek for seg etablering av friluftsråd i Hallingdal.

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal ber dagleg leiar i samråd med rådmannsutvalet, utarbeide ei felles kommunestyresak om regionalt friluftsråd som går til alle kommunane i Hallingdal. Saka må opp før sommaren.

SAK 03/22 BU- OG BLILYST – OPPSTART I HALLINGDAL.**Vedtak:**

1. Regionrådet ber dagleg leiar, i samråd med kommunane, organisere oppstart av bu- og blilystprosjekt i Hallingdal i løpet av våren.
2. Regionrådet oppmodar alle kommunar til å stille med minst to relevante personar på dette arrangementet.

SAK 04/22 VIDARE INNOVASJONSSATSING I HALLINGDAL.

Regionrådet fekk ei orientering om innovasjonssatsinga i Hallingdal v/ Adnan Helja, Jørund Li, Torleif Bjella, Gudbrand Gulsvik og Guro Berg Tafjord.

SAK 05/22 VAL AV STYRINGSGRUPPE TIL «SATS PÅ HALLINGDAL»**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal ber dagleg leiar om å kontakte følgjande personar for å representere næringslivet i Hallingdal i styringsgruppa til «SATS PÅ HALLINGDAL». Ordførarane gjer endeleg vedtak når personane har svara.

Bernt Junger
Gudrun Hesla
Kees Eikeli

Ev:
Martine Vee
Anders Buchardt

Politisk representant:
Pål Rørby
Vara: Solveig Vestenfor

Hallingdal Næringshage ved Stian Bogar har observatørstatus.

SAK 06/22 ORIENTERING OM START UP EXTREME.

Maja Adriaensen og Knut Wien i Start Up Norway orienterte om kva Start Up Extreme er, kva målsetjing Start Up Extreme har og kva satsinga kan bety for Hallingdal når Hemsedal blir vertskap for arrangementet i april 2022.

Ei økonomisk støtte frå regionen vart ikkje drøfta spesielt, men regionrådet meiner ein eventuell søknad kan sendast til regionrådet framfor kvar enkel kommune.

SAK 07/22 SØKNAD OM STØTTE TIL BOK OM DJUP**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Magne Haugen om økonomisk støtte til bok om stølslivet i Djup.

SAK 08/22 SØKNAD OM STØTTE TIL TOUR OF NORWAY

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Tour des Fjords om kr. 300.000 i tilskot til gjennomføring av Tour of Norway 2022.

SAK 09/22 NYTT FRÅ VIKEN

Heidi Westbye Nyhus, Fylkesråd for utdanning og kompetanse, presenterte seg sjølv og «Nytt frå Viken», sjå vedlegg. Regionrådet ønskjer Heidi velkomen som ein viktig samarbeidspartnar for Hallingdal.

SAK 10/22 EVENTUELT**Forslag om å få ei orientering frå KOLF til Regionråd – Pål Rørby****Vedtak:**

Regionrådet inviterer Hallinghelse til å koma med ei ny orientering og presentere ny kommuneoverlege når han er på plass i mars.

Forslag om regionrådsorientering i kommunestyre ei gong pr. år?**Vedtak:**

Ordførar inviterer dagleg leiar i Regionrådet til ei regionrådsorientering i kommunestyre ei gong pr. år.

Orientering om plan for førebyggjande arbeid.

Karsten Dideriksen, leiar av rådmannsutvalet, orienterte om at oppvekstreforma pålegg kvar kommune å ha ein plan for førebyggjande arbeid og at rådmannsutvalet er einige om ein overordna plan i Hallingdal med delplanar for kvar kommune.

Kyrkjene i Hallingdal på HD nett. Pål Rørby

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal ber kommunedirektør Hege Mørk i vertskommunen Gol om å ta saka opp med IKT styringsgruppe og sjå om det er aktuelt for kyrkjene i Hallingdal å kople seg på HD-nett.

Kva gjer me med Hallingmålet

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til eit samarbeid for å bevare Hallingmålet og inviterer mållaga i dalen, Buskerud mållag, oppvekstsektoren, FAU-representantar og destinasjonsselskapa til eit oppstartsmøte. Heidi og Pål tek ansvar for framdrift.

Høyring om endringar for inn- og utleige frå bemanningsforetak

Vedtak:

Saka blir teke opp att i regionrådet i god tid før høyringsfristen som er 19. april 2022

Kva gjer me med bustadsituasjonen i Hallingdal?

Vedtak:

Me ønskjer å planlegge ein bustadkonferanse i Hallingdal.
Arbeidsgruppe: Pål, Karsten, Jan Olav.

Klimasatssøknad

Viken fylkeskommune vurderer å søke Miljødirektoratet om midlar til ei stilling som skal jobbe med sirkulærøkonomi, og vurderer at denne stillinga blir plassert i Hallingdal.

Val til styret i Vardar

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal går inn for attval på styret i Vardar i tråd med innstillinga frå valkomiteen.

Frivilligåret 2022

Vedtak:

Regionrådet vurderer om me skal få i stand ein frivilligkonferanse på slutten av året.
Me tek opp dette i marsmøtet.

Hallingdal 4. februarar 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal